VA - Rammeplan

PlanID 3819

Rev.: 1

Detaljregulering for Tuddal Alpin

Utarbeidet av: TSK

Hjartdal kommune

Godkjent av: PHO



Innleiing

VA-rammeplan er utarbeidd som vedlegg til planforslag for Tuddal Alpin. Rammeplanen viser og beskriver prinsippløysingar for vatn, avløp, overvatn og flaum, i og nær planområdet.

Dimensjonar, trasear og berekningar oppgitt i VA-rammeplan må vurdeast som rettleiande og må vurderast nærare ved detaljprosjektering.

Hensikt med planen er å leggje til rette for bygging av alpindestinasjon med skianlegg og hyttar/leilegheiter/hotell på område gnr./bnr. 94/10, 94/20 m.fl. i Tuddal i Hjartdal kommune. Det skal leggjast til rette for både sommar- og vinteraktivitetar i tilknyting til alpinbakken/hotellområdet. I dag består området av utmark med skog og myrområder. Det går enkelte vegar gjennom området og det er nokre få eksisterande hyttar innanfor plangrensa.


Underlag

Arealplankart	**01_3819_Arealplankart**

Prosjektil Sør AS

Postadresse	Tele	Foretaksnr.	E-Mail
Rødmyrjordet 31	+47 975 37 951	NO 926 015 672 MVA	sor@prosjektil.no
3735 Skien			

Eksisterende forhold



Figur 1 Kart hentet fra NGU som viser løsmasseforholdene på området

Området består i dag av urørt skogsområde med lausmassar bestående av morene og bart fjell. Vest for planområdet går det en Elv som heitar Hovdeåi.

Eksisterende vann- og avløpsnett

Planområdet er i dag ubygd og har dermed ikkje vantn- og avløpsnett inne på området. Nord for området finst det ein PE 160 vassleidning som går til pumpestasjonen. For avløp finst det to leidningar, PVC 160 og en pumpa PE 90 leidning. Det er etablert eit reinseanlegg som handsamar avløpsvatn frå dette området.

Prinsippløysing for VA

Overvatn

Overvannet frå tomtene på planområdet blir handtert lokalt på tomta og følgje dei naturlege flaumvegane før utbygginga.
Overvatn fra veger må handterast ved å leggje stikkleidningar på tvers av vegane slik at vatnet ikkje samlar seg opp langs vegane.
Eigne plassar sett av til snøsmelting som ikkje fører til skade på byggninger eller veg. Desse må plasserast formålstenleg slik at snøsmeltinga renn ned i elva vest for planområdet. Parkeringsplassar og innkjørslar er planlagde å lagdast med permeable flater for å sikre naturleg infiltrasjon og ein lågare avrenningskoeffisient på området.

Spillvann

Kapasiteten på eksisterande reinseanlegg er ikkje stor nok til å handsama heile utbygginga i området. Utbyggingstakta må difor tilpassast utbygging av reinseanlegget. Utbygginga av reinseanlegget inngår dermed som eit rekkefølgjekrav i reguleringsplanen. Utbygginga medfører også at spillvassleidninga må bytast ut for å ha stor nok dimensjon.

Vassforsyning

Vassforsyningsnettet skal dekkje to oppgåver:

- Forbruksvatn

- Brannvann

Vannforbruket er berekna til ca 10 l/s. Påkoplingspunktet for vatn er ein pumpestasjon nord for planområdet. Til pumpestasjonen er det lagt ein PE 160 leidning. Ei utbygging av reguleringplanen vil medføre en nødvendig utskiftning av leidningen til pumpestasjonen for å gi leidningen kapasitet til å forsyne området med vatn.


Ikkje krav til sløkkjevatn til hyttene, men brannvatn til hotell og leilegheitskompleks blir sett til 50 l/s.
Brannvatn til hotell og leilegheiter må løysast i byggesøk.
Det settes færesetnader om at det er kapasitet til nok vatn, ellers må det setje som rekkefølgekrav utviding av vassbehandlingsanlegget.

Trykkforhold


Planområdets terreng heller mot sørvest, og det må derfor setjast av plass til pumpestasjonar for å frakte spillvatnet ut av planområdet. Det er sett av plass til tre trykkauestasjoner i plankartet.

Flaum- og flaumvegar

Området har ei naturleg avrenning til elva Hovdeåi som ligger vest for planområdet, og elva fungere som områdets naturleg flaumveg.



Figur 2 viser simulasjon av dei naturlege flaumvegane til planområdet.



Figur 3 Flomsonekart fra NGU

Flaumsonekart frå NGU viser ein aktsomhetsone for flaum langs Hovdeåi. Utover denne sona er ikjke planområdet utsett for flaum på grunn av terrengutforming. Terrenget heller om sørvest og dei store høgdeforskjellane gjer at planområdet ikkje er utsett for flaum.

Vedlegg

H001 – Prinsipp VA	23.10.2024	Rev. 1